
Saksnr: 2021/46598-1
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren
Dato: 06.09.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Oppfølging av vedtak frå møte 14.06.2021

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 14.06.21: «Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på kva som er grunnen til at det ikkje er høve for elevar, føresett eller andre til å varsle anonymt?»

Fylkeskommunedirektøren har vurdert vilkåra for anonym varsling og har følgjande kommentarar:

- Ved anonym varsling er det ikkje høve til å
 - gje varslar tilbakemelding om at varselet vert følgt opp
 - hente inn ytterlegare opplysningar hjå varslar

Fylkeskommunedirektøren har i tillegg drøfta spørsmålet om anonym varsling for elevar, lærlingar føresette eller andre med personvernombodet og dette er ikkje er eit personvernrettsleg spørsmål. Inneheld eit anonymt varsel personopplysningar, er det viktig at desse opplysningane vert handsama konfidensielt og i tråd med regelverket. Personvernombodet seier vidare at den som varslar har ikkje krav på å få være anonym etter forordninga (GDPR).